

# **VEDTEKTER FOR OSTERØY TURLAG**

## **Lokallag av Bergen og Hordaland Turlag**

### **§1 Føremål**

Osterøy Turlag skal fremja eit aktivt og trygt, enkelt og naturvenleg friluftsliv på område knytt til laget si verksemd. Turprogram for alle aldersgrupper skal gje kjennskap til og opplevingar i variert Osterøy-natur. I tillegg vert turmål i andre kommunar og landsdelar sett opp etter medlemene sine ønskje.

Turlaget samarbeider med andre lag og organisasjonar i kommunen der det fremjar føremålet.

Osterøy Turlag er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag og samordnar verksemda si med dette.

### **§2 Arbeidsområde og medlemsområde. Kontingent.**

Osterøy Turlag inngår avtale med Bergen og Hordaland Turlag om organisatoriske forhold, gjensidig nytte og plikter, og lokallaget sitt medlemsområde og verkeområde.

Medlem av laget er alle som er medlem av Bergen og Hordaland Turlag/DNT innafor det avtalte medlemsområdet.

Medlemkontingenget vert fastsatt av Bergen og Hordaland Turlag. Osterøy Turlag og Bergen og Hordaland Turlag gjer avtale om fordeling av kontingentinntekter frå medlemsområdet.

### **§3 Årsmøte**

Årsmøte vert halde innan utgangen av januar månad. Kunngjering skal sendast ut med minst 14 dagars varsel. Årsmøtedokumenta skal være tilgjengelege frå det tidspunkt årsmøtet er kunngjort.

Årsmøtet behandlar:

- 1) Årsmelding
- 2) Rekneskap
- 3) Val av styre
- 4) Val av revisor
- 5) Val av valnemnd

Årsmøtedokumenta vert å senda til Bergen og Hordaland Turlag når sakene er behandla.

### **§4 Ekstraordinært årsmøte**

Etter vedtak i styret eller etter skriftleg krav frå minst 10 medlemer, skal det haldast ekstraordinært årsmøte.

Kunngjering skal sendast ut med minst 14 dagars varsel. I kunngjeringa skal det framgå kva saker som skal behandles. Dokumenta skal vera tilgjengelege frå det tidspunkt møtet er kunngjort.

## **§5 Styret**

Osterøy Turlag vert leia av eit styre.

Styret vert vald av årsmøtet og har styreleiar, fire styremedlemer og ein varamedlem. Styreleiar vert vald for eitt år ved eige val.

Dei øvrige styremedlemene vert valde for to år. Ved første val vert to av styremedlemene vart for eitt år. Varamedlem vert vald for eitt år.

Styret konstituerer seg sjølv.

Styret vert innkalla til møte av leiar eller av to styremedlemer i fellesskap.

Styret kan gjera vedtak når minst tre medlemer er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal avgjer styreleiar.

Styreleiar sammen med ein styremedlem forplikter Osterøy Turlag med sine underskrifter.

## **§6 Valkomite**

Årsmøtet vel valkomite som skal ha tre medlemer og ein varamedlem.

Det sitjande styret gjev innstilling til val av medlemer til valkomite på årsmøtet. Ein medlem og varamedlem står på val kvart år.

Valkomiteen gjev innstilling til årsmøtet på

- styreleiar
- to styremedlemer og ein varamedlem
- to revisorar med ein varaperson

Frå det året medlemer av laget fyller 15 år har ein røysterett og kan veljast til styret. For val til revisor gjeld 18 år.

## **§7 Vedtektsendring**

Endring av vedtekten krev at minst 2/3 av dei frammøtte på årsmøtet røystar for. Før framlegg om vedtektsendring kan behandlast, skal framlegget ha vore til uttale i styret i Bergen og Hordaland Turlag.

## **§8 Opplysing**

Opplysing av Osterøy Turlag må vedtakast av to årsmøte og minst ¾ av dei frammøtte på årsmøtet og ekstraordinært årsmøte må røysta for opplysing.

Ved opplysing skal laget sin formue og eignelutar overførast til Bergen og Hordaland Turlag.